



Kultur- og debattredaktør Hilde Sandvik
debatt@bt.no
Redaksjon: Egil Horne Mikkelsen og Aslaug Eide.

En nøye regulert næring

FISKERIMYNDIGHETENE legger ikke opp til en grenseløs volumøkning innen fiskeoppdrett slik Olav Moberg hevder i sitt innlegg «En ukontrollert oppdrettsindustri» i BT 2. oktober. Tvert imot, havbruksnæringen er nøye regulert – og det bør den være.

Moberg stiller spørsmål ved myndighetenes muligheter for å regulere oppdrettsnæringen når produksjonen har økt siden 2009 uten at det har vært en tilsvarende økning i den tildelte produksjonskapasiteten.

DAGENS SYSTEM regulerer kapasitet – altså hvor mye fisk som kan stå i sjøen til en hver tid, og ikke hvor mye en oppdretter kan produsere. Dette er trolig det best egnede virkemidlet for å regulere næringen både ut fra miljø- og markeds-hensyn.

Det Moberg nærmest overser i sitt innlegg er at produksjonsøkningen skyldes at oppdretterne benytter kapasiteten sin bedre. De har altså tidligere fått tildelt kapasitet som de ikke har utnyttet – nå gjør de det i større grad. I tillegg er det viktig å være klar over at all oppdrettsaktivitet forutsetter godkjente lokaliteter hvor lokalitetens miljømessige bærekraft er lagt til grunn. For å kunne benytte seg av en til-latelse til oppdrett av laks og ørret, kreves en godkjent lokalitet å bruke den på.

Moberg har helt rett i at volumvekst ikke er den eneste måten å skape verdier. Det å få mer ut av den fisken som produseres er vel så viktig. Dette har lenge vært et klart budskap fra fiskeri- og kystministeren.

I 2012 ER FORVENTET produksjon i den norske oppdrettsnæringen ca. 1,2 mill tonn. Det nærmer seg sannsynligvis maksimalt av hva næringen kan produsere med kapasiteten som er tildelt i dag. Når det gjelder hvorvidt vi vil åpne for ytterligere kapasitetsvekst vurderer vi det nå. Forutsetningen for dette er at det er miljømessig forsvarlig.

VI LEGGER TIL RETTE for aktivitet og verdiskaping langs kysten. Oppdrett er samtidig nøye regulert, og forutsetningen for en langsiktig utvikling og vekst er miljømessig bærekraft.

KRISTINE GRAMSTAD,
STATSSEKRETER,
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET

Klima og moral

RAFTOPRISVINNAR Nnimmo Bassey refsar Noreg for hyklers klimapolitikk og er sjokkert over Statoils investering i oljesand i Canada (BT 28.09.). Kritikken er basert på kva vitskapen i dag veit om menneskeskapte klimaendringar.

Statssekretær og førstemann på stortingsvallista for Ap i Hordaland, Per Rune Henriksen, avviser kritikken. Han har, til liks med folk i Statoil, fått for seg at norsk olje og gass ikkje bidreg til klimaproblemet, men er ein del av løysinga.

Klimaendringane er vår tids største kollektive moralske problem. Det er viktig å skaffa seg kunnskap om dette, derfor råder eg Henriksen og andre å lesa ei ny klimaoversikt mynta på politikarar av James Hansen og fleire andre prominente klimaforskarar. (<http://arxiv.org/ftp/arxiv/papers/1110/1110.1365.pdf>, 28 sider).

SIGBJØRN GRØNÅS,
OS

Toleranse er ein sentral demokratisk verdi, men skal me tolerere dei som ikkje tolererer andre?

Toleranse for dei intolerante

TOLERANSE

Steinar Bøyum
dr. art. filosofi
førsteamanuensis
i pedagogikk
Universitetet i Bergen



SPØRSMÅLET ER PÅ NY blitt aktuelt etter demonstrasjonane utanfor USA sin ambassade i Oslo førre fredag. Her vart det ropa slagord som «We love Osama» og «Død over USA». Det vart talt for at hån mot islam skal straffast med døden og at filmskaparen Theo Van Gogh fekk som fortennt når han vart drepen. Initiativtakarane, med folk som Arfan Bhatti og Ubaydallah Hussain i spissen, har også tidlegare gitt uttrykk for synspunkt som bryt radikalt med demokratiske prinsipp.

Ei liknande gruppe i England, Islam4UK, var kjend for å marsjere under parolar som «Shariah is the solution, freedom go to hell» før ho vart kjend ulovleg i 2010. Er forbod vegen å gå? Eller må eit demokratisk samfunn godta grupper med slike meiningar?

KJERNEN I TOLERANSEN er at ein lar vere å hindre ytringar og praksisar som ein elles tek avstand frå. Ein kan ha gjennomtenkte grunnar for å vere motstandar av ytringa eller praksisen, men ut frå respekt for eins medborgarar vil ein likevel ikkje undertrykkje dei, til dømes gjennom forbod. Dette kviler på det den politiske filosofen John Rawls kalla resiprositet.

Ein rimeleg borgar anerkjenner at dei lover og reglar som me byggjer samfunnet på skal vere akseptable for andre rimelege borgarar, også om dei har eit anna livssyn enn ein sjølv. Gitt at andre gjer det same, gir eg avkall på ambisjonen om at samfunnet skal formast etter det eg ser som Den Heile Sanninga.

PROBLEMET ER at det ikkje er gitt at andre gjer det same. Intolerante grupper krev toleranse for sine ytringar, men dei vil ikkje sjølve vise toleranse for dei ytringane som dei finn forkastelege. Inkonsekvensen i dette er tydeleg nok. Likevel løyser me ikkje denne inkonsekvensen ved å sjølve bli inkonsekvente. Dei intolerante er omfatta av tru- og ytringsfridom på lik linje med dei tolerante. Det fins ikkje eit



DEMONSTRASJON: Initiativtakarane til demonstrasjonen utanfor den amerikanske ambassaden, med folk som Arfan Bhatti og Ubaydallah Hussain i spissen, har også tidlegare gitt uttrykk for synspunkt som bryt radikalt med demokratiske prinsipp, skriv artikkelforfattaren.

FOTO: KYRRE LIEN/SCANPIX

sett av rettar for dei tolerante og eit anna for dei intolerante.

Riktig nok hadde ikkje dei intolerante hatt stort å klage på dersom dei hadde blitt fråtekne sin ytringsfridom. Ein kan ikkje klage over at eit prinsipp som ein ikkje aksepterer blir brote. Men det følgjer ikkje av det at me har rett til å innskrenke deira ytringsfridom. Intoleranse er ikkje grunn god nok til å bli intolerant sjølv.

I SPESIELLE SAMANHENGAR kan det likevel vere rett å setje grenser for fridomen deira. Alle er same om at til dømes ytringsfridomen ikkje kan vere absolutt. Til og med den store fridomsforsvararen, John Stuart Mill, vedgjekk såpass. Ein må gjerne skrive i avisa at kornhandlarar lar dei fattige svelte, sa Mill, men ein kan ikkje proklamere det same i ein tale til ein mobb utanfor huset til ein kornhandlar.

Den amerikanske høgsterettsdommaren Oliver Holmes uttrykte det slik: Ytringsfridomen vernar ikkje om retten til å rope «brann!» i eit fullsett teater berre for å skape kaos.

DERSOM DET ER FARE for ro og orden, fred og tryggleik, kan ein

derfor legitimt avgrense enkelte individ eller grupper sin ytringsfridom. For å unngå misbruk blir dette ofte presisert til at det skal vere ein klar og direkte fare knytt til ytringa. Problemet er at det i våre digitale tider blir stadig vanskelegare å avgjere kva som utgjer ein klar og direkte fare.

Ytringar blir no resirkulert og rekonstruert på måtar som Mill og Holmes ikkje kunne ha førest. Spørsmålet er derfor om ytringane til demonstrantane utanfor ambassaden eller den omstridde filmen «Innocence of Muslims» i praksis er ekvivalente med å rope om brann i ein fullsett kinosal eller å drive agitasjon framfor ein rasande mobb. Kor vidt dette er tilfellet, er likevel meir ei sak for politiet enn for politikarar og politiske filosofar.

EIT ANNA SPØRSMÅL er om ein skal akseptere at intolerante grupper lærer opp andre til intoleranse. Kan staten til dømes legitimt hindre at konservative religiøse grupper får starte sine egne

skular? Etter mitt syn ja, om enn ikkje fordi dei er konservative eller religiøse. Det avgjerande kriteriet er om ein oppdrar barna til oppfatningar og haldningar som står i strid med demokratiets grunnprinsipp.

Ma eit demokratisk samfunn godta grupper med slike meiningar?

Dersom ei religiøs gruppe i sine private skular innprentar barna den ideen at deira gruppe er overlegen alle andre og at dei vantru er av mindre verdi enn dei sjølve, så kan staten

trygt treffe tiltak for å stoppe ein slik praksis.

DET SAME GJELD i prinsippet dersom ein heime lærer barna opp til at «om noen krenker din profet, så er den personen fritt vilt», som Abid Q. Raja fortel om i Aftenposten 1.10., sjølv om det nok vil vere umogleg å handheve. Å seie nei til slikt er ikkje å vere intolerant, men å verne om toleransens vekstvilkår. Og er det noko demonstrasjonane dei siste vekene bør minne oss om, så er det at toleranse ikkje bør takast for gitt.

Hareides ferd mot maktens tinder

POLITIKK

Zoia Grannes,
Sola



KRFS UNGE OG IVRIGE leder Knut Arild Hareide har vanvittig lyst på en ministertaburett, og derfor driver han et høyt spill med å love eller ikke love allianse med diverse partier. Vi vet ikke

hva som skjer og sies bak kulissene, men det vi ser på scenen er at nå er Hareide rede til å sitte i regjering med Frp hvis Erna vil invitere ham inn.

Lykke til, men denne veien har Kristin Halvorsen gått før ham og «ført SV-politikk i regjeringen». Hun har ført den så bra at partiet mistet sjelen og sine viktigste verdier, bl.a. vedrørende deltakelse i USAs kriger.

AUDUN LYSBAKKEN deltok i sin aktivitetstid i våre demonstrasjoner i Bergen mot Irakkkrigen, men nå sitter han nærmest makten og tar ikke ordet «krig» i sin munn. Isteden er «miljø» blitt gullordet. Kan det gå annerledes med KrF? Hvorfor skulle det? Å snakke rundt, formulere seg strategisk, det kan Hareide. Men veien han vil ta er utprøvet grundig, den.

Som Kristin kan han kanskje gjøre en personlig karriere, få en etterlengtet taburett – men partiet blir desimert, selvfølgelig. KrF er ikke stort fra før, men kan enda tjene som et springbrett for Hareides ferd mot maktens tinder. Kanskje.